



Saksframlegg

Besøksstrategi for Voss herad 2026 - 2036 - Endeleg handsaming

Saksnr.	Utval	Møtedato
36/26	Utval for klima, miljø og beredskap	02.09.2026
62/26	Formannskapet, Plan og økonomi	03.09.2026
86/26	Heradsstyret	10.09.2026

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Heradsstyret vedtek Besøksstrategi for Voss herad 2026 - 2036 slik den ligg vedlagt.

Samandrag

Besøksstrategi for Voss herad er forankra i Planstrategi 2024 - 2027 for Voss herad. Utval for klima, miljø og beredskap vedtok i møte 29. april 2026 å leggja «Besøksstrategi for Voss herad» ut på høyring og offentleg ettersyn. Innan fristen kom det inn 13 høyringsinnspel. Alle innspela er lagt ved i sin heilskap i dokumentet "Samlemappe høyringsinnspel besøksstrategi for Voss herad". I vedlegget "Høyringsinnspel og rådmannen sine kommentarar" oppsummerer me hovudtrekka frå innspela med svara til rådmannen.

Høyringsinnspela gir samla sett brei støtte til hovudretninga i strategien. Samstundes er det eit tydeleg ynskje om å styrkja balansen mellom reiseliv og verdiskaping på den eine sida og omsynet til natur, landbruk, grunneigarar og lokalsamfunn på den andre. Innspela gir særleg grunnlag for å styrkja strategien innan naturmangfald og tålegrenser, villrein og landbruk, verdsarv, ferdselsstyring, reiselivet si rolle som verdiskapar og konkretisering av ansvar, finansiering og tiltak i handlingsplanen. Ein del av innspela er inkludert i den nye versjonen av strategien. Andre vil kunna bli innarbeidd i det vidare arbeidet av reisemålsleiinga då ein legg opp til ei rullering av planen kvart fjerde år og årleg rullering av handlingsplanen.

Saksopplysingar

Målet om at Voss skal ha ei berekraftig besøksforvaltning forankra i Vossaklima 2030, i SNU Voss og i Reiselivsstrategi for Voss. Voss vart merka som berekraftig reisemål i 2021 og i standarden for berekraftige reisemål peiker ein på at reisemåla skal ha ein besøksstrategi. Gjennom ein besøksstrategi får reisemålet eit verktøy for korleis reisemålet skal driva god besøksforvaltning, og ein tiltaksplan som viser kva som er viktig for å ivareta ulike interesser. Denne strategien skildrar korleis Voss herad ynskjer å driva god besøksforvaltning dei komande åra, som utgangspunkt for brei verdiskaping og ei berekraftig utvikling av reiselivet i heradet.

Besøksstrategien bygger på Voss herad sin visjon om å bidra til ei berekraftig utvikling av reiselivet på Voss, ei utvikling basert på eit samspel mellom miljømessig, kulturell, sosial og økonomisk verdiskaping. Me skal definera stader me vil at folk skal reisa til, og me skal leggja til rette for at ferdsel og aktivitet vert styrt til stader som toler det. Besøksstrategien skal sjå heilskapen ved å sameina målsetjingar frå kommunale planar og strategiar og sjå desse i samanheng med overordna føringar. Til slutt i besøksstrategien vert det presentert strategiske grep og ein handlingsplan for å nå måla.

Tematikken rundt besøksforvaltning og besøksbidrag har blitt endå meir aktualisert den siste tida, spesielt etter at Stortinget vedtok ei ny besøksbidragslov sommaren 2025. Etter at denne strategien er vedtatt, skal det etablerast ei formell reisemålsleiing som skal forvalta planen. Formaliseringa av leiinga kjem opp som eiga politisk sak hausten 2026.

Forankring

Det siste året har Voss herad jobba med besøksforvaltning på fleire ulike nivå. Representantar frå heradet og Visit Voss har mellom anna vore med på eit fellesprosjekt for kommunane i Vestland i regi av fylkeskommunen, det er gjennomført eit «kræsjkurs» i besøksforvaltning for innbyggjarane på Oksenhalvøya og det er gjennomført fleire møte i arbeidsutvalet for denne strategien (sjå oppstartsmelding for full oversikt over deltakarar).

For å sikra ein effektiv og brei prosess har det vore samarbeid med referansegruppa for beitebruksplanen. Det har gjeve gode innspel frå både landbruk, grunneigarar og reiseliv, og gjeve eit heilskapleg perspektiv som er viktig i arbeidet med besøksforvaltning.

Det er også sikra brei og omfattande medverknadsprosess i samband med revisjon av kommuneplanen, eksempelvis gjennom debattseriar i biblioteket og gjennomføring av borgarpanel. Det er og verdtt å trekka fram reiselivssesjonen under Vossadagane 2026 der både besøksforvaltning og besøksbidrag vart inngåande diskutert.

Høyringsinnspel

Høyringsinnspela gir samla sett brei støtte til hovudretninga i strategien. I tabellen er hovudfunna oppsummert. Alle detaljar ligg i vedlegga.

Reiseliv og verdiskaping Reiselivet blir framheva som ein viktig bidragsytar til verdiskaping, arbeidsplassar og busetnad. Fleire ønskjer eit tydelegare reiselivsperspektiv i strategien, med vekt på konkurransekraft, heilårsreiseliv og gode rammevilkår.	Det er gjort mindre endringar i strategien, men rådmann meiner i hovudsak at dette punktet er godt dekt i reiselivsstrategien til Voss og i den strategiske næringsplanen SNU Voss.
Ressursar og finansiering Nye oppgåver innan besøksforvaltning må følgjast av tilstrekkelege økonomiske og	Punkta med politisk handsaming av eit eventuelt besøksbidrag er fjerna frå handlingsplanen. Planen skal kunna

administrative ressursar. Fleire meiner at eit eventuelt besøksbidrag bør handsamast som ei eiga sak, og at strategien må kunna gjennomførast uavhengig av dette.	gjennomførast utan eit eventuelt bidrag, men gjennomføringsevna er vurdert til å vera høgare ved eit eventuelt framtidig bidrag.
Natur og sårbare område Det blir etterlyst sterkare fokus på naturmangfald, samla belastning og kunnskapsbaserte vurderingar av tolegrensar. Tiltak og eventuell ferdselsavgrensing bør byggja på gode og etterprøvbare data.	Gjennomføring av ei toleevneanalyse er høgt prioritert og må gjennomførast i 2027. Dette vil vera eit viktig grunnlag for det vidare arbeidet og svarar derfor ut dette punktet.
Villrein, landbruk og grunneigarar Fleire innspel understrekar behovet for betre omsyn til beitedyr, villrein, landbruk og grunneigarane sine rettar og plikter. Grunneigarar og landbruksinteresser bør involverast tettare i den vidare besøksforvaltninga.	Landbruket og grunneigarane vil bli representert i destinasjonsleiinga. Rådmann ser også eit klart behov for å koma i gang med overgripande prosessar knytt til områda Jordalen, Oksenhalvøya og Hodnaberg. Desse områda har utmerka seg i arbeidet med strategien og er også trekt fram av fleire i høyringsinnspela.
Ferdselsstyring og tilrettelegging: Det blir etterlyst betre parkering, toalett, avfallshandtering, skilting og informasjon om mellom anna bandtvang og ferdsel i utmark. Spreiing av ferdsel, besøksvertar og digitale løysingar blir trekt fram som moglege verkemiddel.	Rådmannen si vurdering er at desse innspela er svart ut i handlingsplanen.
Verdsarv og samarbeid Nærøyfjorden Verdsarvpark ber om at verdsarvverdiane og Voss sitt særlege ansvar som verdsarvkommune blir tydelegare i strategien. Det blir også etterlyst tettare samarbeid på tvers av kommunegrensar og mellom relevante aktørar.	Det er viktig med eit tett samarbeid med Verdsarvparken noko som også er ynskt i det vidare arbeidet. Den reviderte handlingsplanen sikrar dette.
Handlingsplan Fleire meiner tiltaka bør vera meir konkrete, prioriterte og målbare, med tydeleg ansvar og realistisk ressursbehov.	Handlingsplanen er ytterlegare prioritert og gjennomgått med dette for auge i den nye versjonen.

Vegen vidare

Det er reisemålsleiinga som vil ha ansvar for å forvalta strategien. Ei formell leiing skal difor etablerast hausten 2026. Formaliseringa vil skje etter at det pågåande arbeidet med ein felles struktur for kommunane i regi av Vestland fylkeskommune er avslutta. Å jobba med besøksforvaltning er nybrottsarbeid og rådmann ynskjer å finna ei form saman med dei andre kommunane. Alle innspel som har kome til samansetjinga av reisemålsleiinga i høyringsprosessen vil bli tatt høgde for.

Framdriftsplan:

- 1) September: Politisk vedtak besøksstrategi
- 2) Oktober/november: Politisk vedtak reisemålsleiing
- 3) Desember: Vedtak i reisemålsleiinga: Handlingsplan og finansiering av tiltak i 2027.

Lenke

Besøksstrategi for Voss herad 2026 - 2036 er lagt inn i Framsikt og kan lesast ved å fylgja denne lenka:

<https://appublishframsikt-staging.azurewebsites.net/plan/voss/620dc0dc-ff7f-4566-99c6-7bc4350dcc3a/plan-74303e97-51e3-4cd1-af9f-12cd96d3ff1f-101866/>

Dersom lenka ikkje fungerer ligg planen vedlagt som pdf. Denne fila har ikkje same formatering som nettsida, men vil gi naudsynt informasjon.

Rådmannen si vurdering:

Generelle vurderingar:

Planen er i tråd med Planstrategien, Vossaklima 2030, SNU Voss og reiselivsstrategien til Voss. Voss vart merka som berekraftig reisemål i 2021 og i standarden for berekraftige reisemål peiker ein på at reisemåla skal ha ein besøksstrategi.

Økonomiske konsekvensar:

Tiltak som krev kontinuerleg oppfølging bør ikkje løysast gjennom prosjekt med avgrensa varigheit og finansiering. Slike tiltak bør bli implementert i verksemdstyring i heradet, eller fordelast på relevante aktørar i og rundt reiselivet og i forvaltinga. Konkrete tiltak som skal realiserast i heradet sin regi vil verta ein del av økonomiplan og budsjettarbeid. Dersom Voss herad innfrir retningslinjene i lova om besøksbidrag/overnattingsavgift, og Voss herad vedtek å innføra avgifta, kan delar av tiltaka i besøksstrategien finansierast med bidraget.

Miljø og klimakonsekvensar:

Strategien vil styrka kommunen og næringa si evne til å redusera negative miljø- og klimakonsekvensar frå reiselivet.

Folkehelsekonsekvensar:

Strategien vil styrka lokal folkehelse ved betre tilrettelegging for aktivt friluftsliv og ved å redusera ulemper og negativ påverknad frå turisme på lokalsamfunna.

Konklusjon

Besøksstrategi for Voss herad blir vedtatt.

Vedlegg

Samlemappe høyringsinnspel besøksstrategi for Voss herad

Besøksstrategi_ Merknadsskjema med høyringsinnspel og rådmannen sine kommentarar

Besøksstrategi for Voss herad - frå Framsikt - Endeleg handsaming